

## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNING I SELJE KOMMUNE



Skulefritidsordningane (SFO) i Selje kommune er eit frivillig tilbod utanom obligatorisk skuletid for elevar i 1.-4. klasse. Eldre elevar kan få plass etter sakkunnig tilråding fra PPT-Selje. SFO er eit tilbod om ein trygg stad å vere, der trivsel, leik og utfordringar står sentralt. Det skal særleg leggast vinn på godt samarbeid med føresette.

### Par.1 OPNINGSTID

Den daglege opningstida skal i utgangspunktet ligge innanfor tidsrommet:

07.30 - 16.30 mandag til fredag – på skuledagar.

Opningstida til SFO fyl skuleruta. Det er i utgangspunktet ikkje SFO-tilbod på skulefrie dagar. Når skulen endrar skuleruta som er felles for Sogn og Fjordane, kan rektor organisere SFO ved behov (t.d. siste dagen før sommaren eller «elevfrie onsdagar».)

### Par.2 INNTAK AV BORN – OPPSEIING AV PLASS

Tilbod om skulefritidsordning skal leggast på heimesida til Selje kommune, og sendast heim til aktuelle born innanfor kvar skulekrins. Rektor/ styrar gjer opptak av born. Hovudopptaket bør gjerast i juni månad. Det kan elles søkjast om plass og takast inn born gjennom heile året så sant økonomiske, pedagogiske og praktiske omsyn tilseier det. I utgangspunktet bør ein legge til rette slik at alle interesserte får plass, også sal av enkelttimar og dagar til elevar som ikkje er tilknytt ordninga. Dersom tilboden likevel ikkje har plass til alle, skal desse opptakskriteria gjelde:

- 1) Barn med nedsett funksjonsevne - sakkunnig tilråding
- 2) Familietilhøve - dokumentasjon

Born som ikkje får plass ved hovedopptaket, vert sett på venteliste. Opptaket vert i regelen gjort for heile skuleåret og er bindande. Oppseiing må vere skriftleg og kan kun skje halvårsvis: Innan 01.12. Det same gjeld ved oppseiing av delar av plassen. Ved særlege tilhøve, som t.d. flytting, kan styrar/ rektor utøve skjønn i høve oppseiing.

### Par.3 TILBOD - BETALING

Det skal betalast for opphold etter dei satsar og retningsliner som vert fastsette av kommunestyret. Det skal vere eins pris for heile kommunen. Foreldrebetalinga av SFO i Selje kommune er fordelt på 11 innbetalingar, fem på hausten og seks på våren.

Syskjenmoderasjon vert gjeven slik:

- 25% rabatt for barn nr. 2 (av lågaste beløp)
- 50% rabatt for barn nr. 3 (av lågaste beløp)

SFO har følgjande tilbod:

- Redusert plass: Inntil 5 t/v
- Redusert plass: Inntil 10 t/v
- Heil plass: Meir enn 10 t/v
- Kjøp av tilfeldige einskilddagar/-timar

Den einskilde skule fordelar timane på dagen. SFO kan verte stengd om det er færre enn fem barn påmelde på onsdag, morgen/ ettermiddag. Det er i særlege høve muleg å kjøpe einskilddagar i SFO. Soskenmoderasjon gjeld ikkje ved kjøp av einskilddagar. Intensjonen med tilbodet om kjøp av einskilddagar er å løyse behov for sikker oppfølging av borna. Det kan ikkje kjøpast faste einskilddagar. Det kan maksimalt kjøpast tre einskilddagar pr månad, og inntil 10 dagar i eitt skuleår.

### Par.4 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga må ha leike- og opphaldsareal eigna aldersgruppa og aktivitetane i SFO. Innvendig areal skal vere minst 3 m<sup>2</sup> pr. born, og arealet ute skal vere minst 18 m<sup>2</sup> pr. born.

### Par.5 DRIFTSANSVAR

Selje kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane. Vedtekten for SFO er felles i kommunen. Opptak av born vert delegert til rektor/ styrar innanfor kvar skulekrins som startar ordninga. Drift i samarbeid med barnehagane kan legge til rette for SFO-tilbod ved færre born. Det er Samarbeidsutvalet ved skulen som er styringsorgan for skulefritidsordninga. Oppgåvane til Samarbeidsutvalet knytt til SFO vil vere fastsetting av årsplan/ aktivitetsplan og høyringsuttale ved t.d. endring av vedtekter.

### Par.6 DAGLEG LEIING/ BEMANNING

Skulefritidsordninga er administrativt lagt til rektor/ styrar i skulekrinsen der ordninga er lokalisert. Bemanninga vert fastsett utifrå økonomiske, pedagogiske og praktiske omsyn. Rettleiande norm for bemanning i SFO: Ein voksen per 14 born. Ved kvar SFO-ordning skal det vere ein som har eit særleg ansvar for den daglege planlegging og tilrettelegging av tilbodet.